



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Oldedalen
Dato:	08.06.2026
Tidspunkt:	10:30

Velkomen til det fjerde møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkforvaltning i 2026.

Møtet finn stad på Aabrekk gard i Oldedalen måndag 8.juni klokka 10:30.

Næringsaktørar i Briksdalen er invitert til å møtet for å orientere om sine planar og utfordringar.

Etter møtet, om lag kl 12:30, vert det synfaring i Brenndalen og besøk på Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Oppstryn.

Tysdag 9.juni skal styret på synfaring til Sunndalen og Sunndalssætra.

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge på tlf. 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 19/26	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/26	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 21/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane		2026/10017
ST 22/26	Jostedalsbreen nasjonalpark - Evaluering av rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark - 2026		2026/9902
ST 23/26	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 4/2026		2025/16018
ST 24/26	Eventuelt		

ST 19/26 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 20/26 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2026/10017-1

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	21/26	08.06.2026

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - delegering av vedtaksmynde til forvaltarane

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret delegerer vedtaksmynde til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstypar:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om motorferdsle i verneforskrifta §IV nr. 4.3.
2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :
 - a. Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
 - b. Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
 - c. Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av verneområdestyret, eller endre fristar på eige initiativ.
5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.
6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.
7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å illegge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyret oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.



Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treff delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.
- Rettleiar frå Miljødirektoratet for oppfølging av ulovlege forhold i verneområdet, M-2692, 2024.
- Informasjon om overtredelsesgebyr etter naturmangfoldloven, Miljødirektoratet, 21.06.2022

I tidlegare vedtekter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjeldande frå 1.1.2020 var det gitt moglegheit for delegering av mynde til forvaltar. Styret har tidlegare gjort vedtak om delegert mynde til forvaltar.

Det vart i januar 2024 sendt ut nye vedtekter gjeldande for alle nasjonalpark-/verneområdestyre. Dersom forvaltarane framleis skal kunne handsame saker delegert, må denne delegeringa fornyast med heimel i dei nye vedtektene.

I dei nye vedtektene er det lista opp fleire saker det er aktuelt å gje forvaltarane delegert mynde til å gjere vedtak i, enn kva det var i dei tidlegare vedtektene frå 2015 og 2020. Forvaltarane tilrår å utvide delegeringsmyndet til å gjelde alle sakstypene som det står i dei nye vedtektene at verneområdestyret kan gje forvaltarane vedtaksmynde i. Det som er nytt er punkt 3-7 i innstillinga. I tidlegare delegeringsvedtak har verneområdestyret delegert vedtaksmynde til forvaltarane til sakene nemnt i punkt 1 og 2 i innstillinga

Vurdering

Nasjonalparkstyret har delegert vedtaksmynde til forvaltar i kurante saker sidan 2016. Dette gjev ein rasjonell og effektiv forvaltning.

Nasjonalparkstyret har sidan opprettinga av styret i 2011, handsama mange saker som har gjeve forvaltningspraksis i området. I tillegg gjev forvaltningsplanen retningslinjer for forvaltning i mange saker.

Mange av sakene som blir handsama delegert er søknader om motorisert ferdsel knytt til vedlikehald av bygningar, bruer og stiar, og gjennomføring av ymse forskingsaktivitet. Fornyng av dispensasjonar som styret har gjeve med heimel i verneforskriftene eller naturmangfoldlova § 48, er døme på kurante saker som har vore delegert til forvaltar. Andre døme på kurante saker er søknad om motorferdsel i samband med bygg og installasjonar som styret har gjeve dispensasjon til.

Forvaltarane rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtektene til styret for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer, eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutera saker



med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter skal leggjast fram for nasjonalparkstyret til avgjerd.

Forvaltarane synes dei nye delegeringspunkta foreslått i vedtektene er fornuftige tillegg til tidlegare delegeringsmynde. Det hender allereie at det blir gjort hastevedtak i samråd med styreleiar som omtalt i punkt 3. Endring av fristar som i punkt 4 og 5 og avgjerd om utsett iverksetjing (punkt 6), verkar og fornuftig å kunne gjere utan å måtte innkalle heile styret til møte.

Bruk av overtredelsesgebyr er ein relativt ny måte å reagere på ulovlege tiltak i verneområde på. Overtredelsesgebyr blir brukt til å sanksjonere mindre alvorlege lovbrøt som ikkje er så alvorlege at det er aktuelt å melde dei til politiet. Dermed kan dei mindre alvorlege lovbrøta få ein rask og effektiv reaksjon som kan gje ein allmennpreventiv effekt. I eit informasjonsbrev frå Miljødirektoratet skriv dei følgjande:

Ileggelse av overtredelsesgebyr bør skje raskt, slik at overtrederen får en rask reaksjon. Dette vil virke mer preventivt enn om overtredelsesgebyret kommer lenge etter at lovbruddet er gjennomført. Nasjonalpark- og verneområdestyrer kan delegere til sine forvaltere adgangen til å sende over saker til Miljødirektoratet med sikte på overtredelsesgebyr. Vi anbefaler at dette gjøres for å sikre en mest mulig effektiv saksgang.

På bakgrunn av denne tilrådinga frå Miljødirektoratet, tilrår forvaltarane å inkludere oversending av saker om overtredelsesgebyr på lista over saker forvaltarane kan handtere delegert. Det vil likevel vere mest naturleg å diskutere slike saker med styret eller styreleiar fram til det er innarbeidd ein god forvaltningspraksis på kva saker som bør sendast over.



Arkivsaksnr: 2026/9902-1

Sakshandsamar: Trygve Snøtun

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/26	08.06.2026

Jostedalsbreen nasjonalpark - Evaluering av rådgjevande utval for Jostedalbreen nasjonalpark - 2026

Innstilling frå forvaltar

Ny samansetting av rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark er (1 representant frå kvar organisasjon):

- FNF (Forum for natur og friluftsliv) Sogn og Fjordane
- Luster Turlag/Sogndal Turlag (ny)
- Indre Nordfjord Turlag/Indre Sunnfjord Turlag/Midtre Nordfjord Turlag (ny)
- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet (ny)
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag
- Visit Sognefjord
- Visit Nordfjord
- Visit Fjordkysten og Sunnfjord
- Norsk Bremuseum
- Breheimsenteret
- Jostedalsbreen nasjonalparksenter
- Statsforvaltaren i Vestland

Forslaget inneber at Naturvernforbundet og DNT Sogn og Fjordane ikkje blir direkte representert i rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Saksopplysningar

I styresak 30/25 21.10.2025 vart sekretariatet til Jostedalsbreen nasjonalpark beden av styret om å legge fram ei sak med evaluering av samansetnaden til Rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark.



Rådgevinge utval er sett saman av ulike interessegrupper og organisasjonar som har tilknytning til Jostedalsbreen for å sikre involvering av ulike brukarinteresser. Rådgevinge utval handsamar ikkje einskildsaker, men er ei viktig referansegruppe ved utarbeiding av styringsdokument, som til dømes revidering av forvaltingsplan.

I vedtektene for nasjonalpark-/verneområdestyret oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62 står det i punkt 6.8:

«Nasjonalpark-/verneområdestyret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området. Formålet er å legge til rette for et godt samarbeid mellom forvaltningsmyndigheten, offentlige organ, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner og samiske interesser der det er relevant.

Rådgivende utvalg kan bl.a. bestå av representanter for grunneiere og rettighetshavere, friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner (f.eks. natur- og miljøorganisasjoner) og særlig berørte offentlige organer.

Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»

Jostedalsbreen nasjonalpark er eit stort verneområde som femner om område i 5 kommunar. Det er ei stor mengde grunneigarar, brukshavarar og lokale lag og organisasjonar som kan ha interesser knytt til forvaltninga av nasjonalparken. Med så mange dalar, bygder og grender som der er rundt Jostedalsbreen, kan ikkje alle lokale lag og organisasjonar ha eigne representantar i rådgevinge utval. Då rådgevinge utval vart oppretta var det difor stort sett fylkeslag/fylkesledd som vart oppmoda om å nemne opp representantar til rådgevinge utval. Stort sett har dette fungert bra, men for nokre organisasjonar kan det vere verdt å revurdere kva nivå som er representert i rådgevinge utval.

Dei siste åra har fleire av kommunane rundt Jostedalsbreen blitt med i regionale friluftsråd. Stryn kommune er medlem av Fjordane friluftsråd, medan Luster og Sogndal er blitt med i Sogn friluftsråd. Friluftsråda er mange stader naturlege samarbeidspartar for verneområdeforvaltninga, og ofte representert i rådgevinge utval.

Rådgevinge utval har normalt eitt møte i året. På dette møtet er det vanleg at nasjonalparkstyret og administrativt kontaktutval også tek del. Ofte har møta hatt eit aktuelt tema for å prøve å spisse tematikken noko. Målet er å ha ein dialog om kva som skjer i og rundt nasjonalparken. Det årlege møtet har dei siste åra vorte arrangert i månadsskiftet september/oktober, noko som gjer styret høve til å ta med seg innspel i søknad om tiltaksmidlar for kommande år. I dag er desse organisasjonane med i rådgevinge utval:



Det rådgjevande utvalet er sett saman slik:

Organisasjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

FNF Sogn og Fjordane

Ket Fossen

Universitetet i Bergen

Atle Nesje

Norsk Bremuseum

Anne Mundal Skjelten

Sogn og Fjordane Bondelag

Merete Støfring

Bonde- og småbrukarlaget

Ingolf Folven

Visit Sognefjord

Visit Nordfjord

Marita Lindvik

Visit Fjordkysten og Sunnfjord

Marita Solheim

Sogn og Fjordane Turlag

Rune Valsvik

Jostedalsbreen nasjonalparksenter

Wenche Nesje

Breheimsenteret

Ole Øien

Statsforvaltaren i Vestland

Halvor Røssum

Vurdering

Sekretariatet meiner at møta med rådgjevande utval og administrativt kontaktutval er viktig i arbeidet med å forvalte eit verneområde. Det er ein arena der forvaltinga får tilbakemelding om kva som skjer i området, kva som fungerer og kva utfordringar ein opplever. Samstundes kan forvaltinga nå ut med viktig informasjon, fortelje om tiltak og planar framover.

I all hovudsak meiner sekretariatet at møta og dialogen er god og at det er bra frammøte. Vi meiner også det er ein gevinst i å ha felles møte med administrativt kontaktutval og rådgjevande utval, då ein får fleire perspektiv og dialog mellom kommune og organisasjonar.



For å gjere møta relevante har det ofte vore relevante fagtema på møta, anten det er geologi, klimaendringar eller skjøtsel, gjerne med ekstern fagekspertise. Dette meiner vi har fungert godt. Vidare har deltakarane i forkant av møta vorte utfordra til å fortelje litt om deira oppleving av nasjonalparken og forvaltinga av den. Her er det nok litt ulikt kor godt førebudde/kjent deltakarane er.

Kring Jostedalsbreen er det mange organisasjonar som har interesse av forvaltinga av nasjonalparken. Både besøkssentera, reiseliv, landbruk, forskning og aktivitetsorganisasjonar nyttar nasjonalparken på ein eller anna måte. Alle bør vere med i eit rådgjevande utval, men spørsmålet er på kva nivå og kor mange.

Sekretariatet fremjar følgjande forslag til representasjon i rådgjevande utval:

Besøkssentra:

Kring Jostedalsbreen nasjonalpark er det tre autoriserte besøkssenter som skal formidle kunnskap om nasjonalparken til besøkande; Breheimsenteret, Norsk Bremuseum og Jostedalsbreen nasjonalparksenter. Desse er godkjent av Miljødirektoratet, jobbar under same merkevare og har som mandat å formidle verneverdiane i nasjonalparken. Såleis bør alle vere med vidare i rådgjevande utval.

Reiseliv:

Det er mest ikkje mogleg å velje ein aktør som skal representere alle innan reiseliv. Difor har ein valt å inkludere alle tre aktuelle destinasjonsselskapa for området. Desse representerer eit stort tal av reiselivsaktørar som nyttar områda kring Jostedalsbreen. For reiselivet er nasjonalparken viktig som trekkplaster og nyttast mykje i marknadsføring. For forvaltinga er det difor viktig å ha tett dialog med næringa. Reiselivet er også viktig formidlingskanal som når mange av dei som kjem på besøk. Det har vore ei utfordring å få reiselivet til å møte opp på møte i rådgjevande utval, så kan hende sekretariatet må tematisk tilpasse/utfordre meir relevant for å leggje til rette for betre oppmøte. Sekretariatet meiner at god kontakt med reiselivet er så viktig at alle tre destinasjonsselskapa bør vere med vidare.

Landbruk:

Det er viktig at grunneigar- og landbruksinteressene blir høyrde i forvaltinga av nasjonalparken. Mykje av dei uønskte konsekvensane av aktivitet, reiseliv og klimaendringar er det ofte dei som grunneigarar må handtere. Etter kvart som skjøtsel får høgare prioritet i forvaltinga, er det særleg viktig at landbruket er representert i rådgjevande utval. Både Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane bondelag har møtt og vore aktive deltakarar i rådgjevande utval. Sekretariatet vurderer at representasjon via fylkeslaga er ei god løysing for desse faglaga.

Forsking:

Både nasjonalparkstyret og rådgjevande utval har hatt stor nytte av å ha Atle Nesje (Universitet i Bergen) med på møta. Han har halde oss oppdatert på fagkunnskap og etterlyst (og skaffa) kunnskap der det har mangla. Vi ønskjer difor at Atle Nesje skal vere med vidare. I tillegg meiner vi at det vil vere rett å invitere Høgskulen på Vestlandet inn i rådgjevande utval, då dei har vore prosjekteigar for det største forskingsprosjektet som har vore på Jostedalsbreen, JOSTICE. Denne faggruppa er også lokalt lokalisert i Sogndal.



Friluftsråda:

Friluftsråda er forholdsvis nye organisasjonar i Sogn og Fjordane. Aktiviteten til friluftsråda har til no vore lite retta mot områda innanfor nasjonalparkgrensa. Sekretariatet vurderer at friluftsråda i Sogn og Fjordane førebels bør vere representert gjennom FNF Sogn og Fjordane, men at det på sikt kan vere aktuelt å invitere dei med i rådgjevande utval.

Frivillige organisasjonar:

Her kjenner sekretariatet det vanskeleg å vite kva for lag/organisasjonar som bør vere med og på kva nivå dei bør vere representert, om det er representantar frå fylkeslag eller frå regionale/lokale lag. I dag er Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, FNF (Forum for natur og friluftsliv) Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag (i dag DNT Sogn og Fjordane) representerte i rådgjevande utval.

FNF Sogn og Fjordane er ein paraplyorganisasjon der både DNT Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og Friluftsrådene landsforbund er representert. Det er difor ikkje unaturleg om FNF Sogn og Fjordane sin representant i rådgjevande utval kan representere interessene til fylkeslaga for desse organisasjonane. Det er då avgjerande at representanten har god kjennskap til nasjonalparken og tek i vare interessene til alle organisasjonane.

Nasjonalparkforvaltarane har i det daglege meir dialog med lokale/regional turlag enn fylkesleddet DNT Sogn og Fjordane. Det er dei regionale/lokale turlaga som nyttar og legg til rette for friluftsliv i områda i og omkring nasjonalparken. Sekretariatet meiner at det hadde vore bra om dei regionale turlaga rundt nasjonalparken vart betre representert i rådgjevande utval.

Vårt forslag er:

- 1 representant oppnemnt av styret i FNF Sogn og Fjordane
- 1 representant frå Luster Turlag/Sogndal Turlag
- 1 representant frå Indre Nordfjord Turlag/Indre Sunnfjord Turlag/Midtre Sunnfjord Turlag.



Arkivsaksnr: 2025/16018-6

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsskogen nasjonalparkstyre	23/26	08.06.2026

Jostedalsskogen nasjonalparkstyre - orienteringssaker til styremøte 4/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek sakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan sist møte

Det har ikkje vore handsama delegerte saker sidan sist møte.

Ny grind på brua ved Bødalssætra

Sekretariatet fekk 26.05 melding via SNO om at det var trong for ei grind på brua over Bødalselva. I 2025 miste dyreeigar ei ku, etter at den hadde gått over brua og nedover dalen og falle i elva. Det er ynskjeleg å halde kyrne på sætre-sida av elva, både av tryggleikssyn for dyra og for å sikre best mogeleg beitetrykk på Bødalssætra.

Forvaltar tok same dag kontakt med Erik Bødal, styreleiar i Bødal sameige, for å høyre kva som kunne gjerast. Løysinga var i følgje Bødal å få på plass ei grind som sperra for storfe, men ikkje hindra småfe å passere. Kostnaden for med dette vart stipulert til kroner 5 000,-.

Forvaltarane drøfta tiltaket og vurderte det til å vere eit tiltak som ikkje krev dispensasjon frå verneføreskrifta. Sidan kostnadane er forholdsvis små og tiltaket er viktig for å leggje til rette for framtidig beite med storfe på Bødalssætra, i tråd med målsetjingane i skjøtelsplanen for Bødalen, signaliserte forvaltarane at Jostedalsskogen nasjonalparkstyre vil vere med og ta kostnaden med å få på plass ei ny grind på brua ved Bødalssætra.



Bygging av felles lager på Erdalssætra

Erdalen beitelag har sendt søknad og dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne byggje/leggje til rette for eit felles lagerbygg på Storesætra i Erdalen. Nasjonalparkstyret kjøpte i 2023 inn diverse utstyr til bruk ved skjøtsel i tråd med skjøtselsplan for Erdalen. Vi har pr i dag ikkje nokon god og varig løysing for lagring av dette utstyret.

Bruk nr.7 på garden Erdal vart på midten av 90-talet lagt ut til tilleggsjord og fordelt på tre av dei andre bruka i Erdalstunet. Jordskifteretten bestemte då at Martinssælet, som høyrde til bnr.7, skulle vere eit felles bygg til nytte for dei med rett til sel på Storesætra. Det er murane til Martinssælet som beitelaget no søker om å få bygd opp/restaurert og nytta til felles lager.

Det er sendt inn enkle mål sette teikningar som viser korleis dei ser føre seg at eit felles lager skal sjå ut. Søknad med teikningar vert sendt over til kulturavdelinga fylkeskommunen for uttale før søknaden vert lagt fram for nasjonalparkstyret for handsaming.

Status økonomi

Av dei tildelte tiltaksmidlane på kr 1 million for 2026 er det pr 3.juni berre gått ut kr 18 501,-, men det er gjort avtalar om kjøp av tenester for fleire hundre tusen kroner. Det vert lagt fram ein enkel økonomisk statusrapport i møtet.



ST 24/26 Eventuelt